

Kvartalsrapport

1-2016



Biletet er frå Labb og Line-skirennnet i Hemsedal i mars.
Omlag 70 deltakarar frå 2 år og oppover stilte til start!

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES



Kommentarar 1. kvartal 2016

Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

- Bankverksemd
- Egedomsmeikling
- Rekneskapsføring og økonomisk rådgjeving.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med egedomsutvikling og investeringsverksemd. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 7 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapan omfattar også to felleskontrollerte verksemdar inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit resultat etter skatt på 19,9 mill. kroner. Dette er 9,7 mill. under resultatet per 1. kvartal i fjor.

Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 91 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1. kvartal på 14,5 mill. kroner som svarar til 0,67 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 10,2 mill. under tilsvarande periode i fjor, og om lag som venta.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 38,4 mill. kroner mot 35,7 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1. kvartal på 1,79 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,67 %. Det er hittil i år kostnadsført 1,0 mill. i sikringsfondsavgift. Årsavgifta er periodisert slik at dette utgjer ¼ av årleg avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjer 17,9 mill. kroner mot 29,6 mill. i same periode i fjor. Den store nedgangen skuldast at banken pga. omlegging av aksjeforvaltninga frå enkeltaksjar til fond, kunne inntektsføre ca. 8 mill. kroner i kursgevinst i 1. kvartal i fjor. I fjor vart det også inntektsført ein del i utbytte på anleggsaksjar som vil koma på eit seinare tidspunkt i år. I positiv retning trekkjer reduksjon av nedskrivinga av obligasjonar som er noko redusert i høve til årsskiftet. Andre postar har ei normal utvikling.

Driftskostnadane per 1. kvartal aukar frå 33,4 mill. i fjor til 35,2 mill. kroner i år. Personalkostnadane er uendra frå tilsvarande periode i fjor. Lønnskostnadane går litt opp, medan pensjonskostnadane går ned etter omlegging til innskotspensjon for alle tilsette frå årsskiftet. Kostnadsveksten på 5,3 % relaterer seg til administrasjonskostnader og andre driftskostnader utan at ein skilde postar skil seg ut.

Resultatrekneskapan viser ein netto tapskostnad på 1,1 mill. kroner mot 0,4 mill. i same periode i fjor. Avsetning til nedskrivingar på gruppenivå utgjer 1,2 mill. kroner og såleis heile tapskostnaden.

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 8,7 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen er redusert med 1,3 % siste 12 månader.

Balansførte utlån samt overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt) har ein vekst frå 1. kvartal i fjor på 573 mill. kroner eller 6,8 %. Banken har overført bustadlån for til saman 2.007 mill. kroner til selskapet. Dette utgjer 22,2 % av balansførte og overførte lån. Alle utlån fordeler seg med 69,5 % til privatmarknaden og 30,5 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 1. kvartal 72,1 mill. av utlånsvolumet og er ein nedgang på 15,5 mill. frå same tid i fjor. Misleghaldet utgjer med det 1,03 % av brutto utlån. Samla nedskrivingar for verdifall på utlån utgjer 45,7 mill. kroner per 1. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 1. kvartal er på 6.108 mill. kroner, og er ein auke på 136,3 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 3.557 mill. på privatmarknaden og 2.551 mill. innafør bedriftsmarknaden. Omreknna i prosent er auken siste 12 månader på 2,3 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 86,9 % mot 86,5 % for eit år sidan. Banken har hatt ei periode med svært god innskotsvekst. Det er venta at det låge rentenivået vil føre til at veksten flatar ut og kanskje blir negativ framover. Førebels har denne effekten ikkje slått til.

Banken har per 1. kvartal til saman 1.407 mill. kroner i eksterne innlån fordelt på 5 obligasjonslån på til saman 1.307 mill. kroner og eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlåna har 303 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har i tillegg til denne finansieringa ein oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Egedomsmeikling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og har 15 årsverk. Selskapet har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal og er ein utfordrar i Valdres etter etableringa av kontor i dalføret i 2014.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 1. kvartal på 1,4 mill. og er 0,7 mill. over tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene aukar med 1,9 mill. i høve til 1. kvartal i 2015. Så langt i år har selskapet omsett 169 egedomar mot 129 i same periode i fjor. Dette er det høgste talet i selskapet si historie.

Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 56 tilsette og er med det ein betydeleg aktør i Hallingdal og Valdres med kontor i 4 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 1. kvartal på -1,2 mill. noko som er 0,4 mill. under tilsvarande periode i fjor. Selskapet satsar mykje på meir automatisering av rekneskapsføringa og god tilgang til eigne tal til ei kvar tid. Satsinga på nye system og rutinar har medført både organisasjonsmessige og systemmessige endringar som tek noko tid før ein ser effekten av.

Andre verksemdar

Konsernet si egedomsverksemd blir drive av dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS og SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS.

SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS driv utleige til konsernet sine verksemdar på Gol og i Hemsedal etter at banken sine lokale i Ålingen kjøpesenter på Ål vart seld i 2015.

SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS eig konsernet sine lokale på Beitostølen og Heggnes, samt «veksthuset» i Hemsedal. Selskapet leiger konsernet sine lokale på Fagernes og Flå samt lokale i Meny-bygget på Gol.

Selskapa leverer eit resultat før skatt per 1. kvartal på -0,1 mill. kroner. Dette er 0,4 mill. betre enn same periode i fjor. Selskapa har som målsetting å gå om lag i balanse.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå. Resultatet etter skatt per 1. kvartal er på -0,2 mill. kroner, noko som er 0,4 mill. svakare enn same periode i fjor. Resultatet i selskapet vil i stor grad avhenge av tomtesalet på Flå.

Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse selskapa er eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemdene inngår i konsernrekneskapan, i tillegg til morbanken og dotterselskapa, og utgjer 5,4 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 19,9 mill.

Kapitaldekning

Konsernet har ved utgangen av 1. kvartal ei kapitaldekning på 17,46 %. For morbanken er kapitaldekninga på 16,10 %. Kvartalsrekneskapan er ikkje revidert så resultat hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen.

Framtidsutsikter

Todelinga i norsk økonomi held fram. Oljebaserte næringar slit medan næringar utanom olje klarar seg nokså bra. Denne todelinga ser ein både i arbeidsmarknaden, investeringane og produksjonen i dei ulike sektorane. Todelinga er truleg eit resultat av bufferar i norsk økonomi som dempar ringverknadene frå oljenæringa inn til andre næringar. Den svake kronekursen og regjeringa sin auka oljepengebruk er døme på slike bufferar.

Veksten i fastlands-BNP vart 0,2 % kv/kv i 1. kvartal, uendra frå 4. kvartal. Dette var overraskande sterkt. Privat konsum er ein sterk bidragsytar til veksten, som nok er eit resultat av kombinasjonen svak krone og avgrensa oppgang i arbeidsløysa. Den svake krona stimulerer ikkje berre veksten, men gir også rom for auka offentleg forbruk via verdiauke på oljefondet.

Reiselivsnæringa er sentral i konsernet sitt marknadsområde. Me ventar at den låge kronekursen vil ha ein positiv effekt for reiselivsnæringa også resten av året. Dette fører til høg sysselsetting og omsetningsvekst i Hallingdal og Valdres.

Rentenivået er no svært lågt og er venta å vere låg i lang tid framover. Dette legg press på rentenettoen som er eit viktig nøkkeltal for banken si inntening. Med eit lågt rentenivå over tid, vil det bli vanskeleg å forsvare dagens nivå ut året.

I bankverksemda er det sett i gang ein reduksjon i talet på tilsette. Prosessen går etter planen, men kostnadseffektane er ikkje venta før i 2017.

I slutten av mai vil banken lansere miljølån som eit nytt produkt. Me forventar å få god respons på dette nye utlånproduktet.

Hallingdal, 31.03.16/13.05.16

Kjell Vidar Bergo Kristin Ourom Sissel Bjørøen Vidar Isungset
styreleiar nestleiar
Odd Holde Tore Østlund Gro Lundby Knut Oscar Fleten
adm. banksjef

Resultatrekneskap 1. kvartal 2016 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 15	1. kv. 15	1. kv. 16	31.03.15	31.03.16		31.03.16	31.03.15	1. kv. 16	1. kv. 15	Året 15
298 701	77 512	66 178	77 512	66 178	Renteinntekter og liknande inntekter	65 485	76 616	65 485	76 616	295 648
141 490	41 775	27 736	41 775	27 736	Rentekostnader og liknande kostnader	27 709	41 764	27 709	41 764	141 437
157 211	35 737	38 441	35 737	38 441	Netto rente- og provisjonsinntekter	37 776	34 852	37 776	34 852	154 211
-823	2 766	-413	2 766	-413	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	5 491	8 883	5 491	8 883	27 103
70 883	18 545	17 872	18 545	17 872	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	17 872	18 545	17 872	18 545	70 883
5 936	891	1 445	891	1 445	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 445	891	1 445	891	5 936
2 612	8 495	1 205	8 495	1 205	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	1 205	8 495	1 205	8 495	2 612
3 565	691	670	691	670	Andre driftsinntekter	20 437	20 008	20 437	20 008	72 637
70 301	29 606	17 887	29 606	17 887	Sum andre inntekter	43 560	55 040	43 560	55 040	167 299
227 512	65 343	56 329	65 343	56 329	Sum driftsinntekter	81 336	89 892	81 336	89 892	321 510
56 643	18 339	18 466	18 339	18 466	Personalkostnader	33 280	32 603	33 280	32 603	109 813
36 224	8 005	9 320	8 005	9 320	Administrasjonskostnader	9 261	7 916	9 261	7 916	36 009
4 065	965	1 101	965	1 101	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	3 025	3 443	3 025	3 443	16 416
24 940	6 079	6 277	6 079	6 277	Andre driftskostnader	9 184	8 359	9 184	8 359	39 143
121 872	33 388	35 163	33 388	35 163	Sum driftskostnader	54 750	52 321	54 750	52 321	201 381
105 640	31 955	21 165	31 955	21 165	Resultat før tap	26 586	37 571	26 586	37 571	120 129
6 332	358	1 136	358	1 136	Tap på utlån, garantier mv	1 136	568	1 136	568	6 332
45	3	0	3	0	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	0	292	0	292	123
99 263	31 594	20 029	31 594	20 029	Resultat etter tap	25 450	36 711	25 450	36 711	113 674
26 393	6 900	5 550	6 900	5 550	Skatt på ordinært resultat	5 543	7 078	5 543	7 078	24 708
72 870	24 694	14 479	24 694	14 479	Resultat av ordinær drift etter skatt	19 907	29 633	19 907	29 633	88 966
72 870	24 694	14 479	24 694	14 479	Resultat	19 907	29 633	19 907	29 633	88 966

Nøkkeltal

MORBANK	1. kv. 16	1. kv. 15	Året 15	Norm 15 *
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,79	1,67	1,79	1,77
Driftskostnader i % av driftsinntekter	62,43	51,13	53,57	55,93
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,64	1,56	1,39	1,35
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	7,68	13,00	9,55	9,34
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	5,55	10,16	7,01	6,88
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,02	0,01	0,09	0,13
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	1,79	5,76	4,70	6,59
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	2 006 929	1 557 487	1 887 200	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	6,77	3,93	5,18	6,76
Innskotsvekst i % siste 12 md.	2,28	27,74	6,20	6,28
Innskot i % av brutto utlån	86,90	86,48	84,56	84,91
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	-1,29	15,41	1,62	4,39
Likviditetsreserve i % (LCR)	156,00	85,00	81,00	
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)**	914 270	877 531	927 442	
Kapitaldekning i % **	16,10	14,96	15,87	18,66
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)**	9,63	8,45	9,25	
Eigenkapitalprosent	12,34	11,61	12,31	10,20
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,65	0,70	0,63	0,61
KONSERN				
	1. kv. 16	1. kv. 15	Året 15	
Likviditetsreserve i % (LCR)	190,00	90,00	89,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)**	1 034 796	957 067	1 034 914	
Kapitaldekning i % **	17,46	15,77	17,56	
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)**	10,74	9,14	10,23	

* Bygges på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

** Nytt regelverk frå 3. kvartal 2014 (CRD IV)

Dotterelskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINTEKTER	31.03.16	31.03.15	Endring	RESULTAT FØR SKATT	31.03.16	31.03.15	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	9 701	7 782	1 919	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	1 414	710	704
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	1 660	2 224	-563	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	212	15	197
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	1	408	-407	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-145	240	-385
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	10 550	11 878	-1 328	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	-1 224	-815	-409
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	1 291	943	348	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-284	-504	219
Sum	23 204	23 235	-30	Sum	-28	-353	326

Balanse per 31. mars 2016

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.15	31.03.15	31.03.16	EIGEDELAR	31.03.16	31.03.15	31.12.15
74 737	239 681	74 643	Kontantar og fordringar på sentralbankar	74 643	239 681	74 737
363 553	594 630	575 582	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	575 978	594 682	362 463
7 087 917	6 905 336	7 028 937	Brutto utlån til og fordringar på kundar	6 926 827	6 791 274	6 979 894
-14 616	-18 359	-14 519	- Individuelle nedskrivningar	-14 519	-18 359	-14 616
-30 000	-30 000	-31 200	- Gruppevise nedskrivningar	-31 200	-30 000	-30 000
7 043 301	6 856 977	6 983 218	Netto utlån til og fordringar på kundar	6 881 108	6 742 915	6 935 278
19 082	23 499	16 082	Overtekte eigdeilar	16 082	23 499	19 082
492 216	497 255	439 116	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	439 116	497 255	492 216
450 258	431 167	449 892	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	464 720	431 362	465 038
51 551	51 552	51 552	Eigarinteresser i tilknytt selskap	160 728	145 918	144 409
38 459	42 178	37 928	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
7 051	12 391	7 051	Immatrielle eigdeilar	12 186	25 355	13 774
15 184	15 966	16 134	Varige driftsmidlar	109 915	106 880	106 545
10 545	10 248	12 726	Andre eigdeilar	35 224	25 755	33 043
21 232	26 562	24 207	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	52 582	72 121	43 393
8 587 169	8 802 106	8 688 129	Sum eigdeilar	8 822 282	8 905 423	8 689 978
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
100 000	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 000	98 693	100 000
5 993 581	5 971 668	6 108 025	Innskot frå og gjeld til kundar	6 098 984	5 964 547	5 978 157
1 328 745	1 580 549	1 306 522	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 306 522	1 580 549	1 328 745
67 276	40 211	52 358	Anna gjeld	62 161	46 742	73 674
18 563	39 889	27 791	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	38 038	51 882	23 608
21 627	47 619	21 627	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	23 436	50 432	23 457
7 529 792	7 779 936	7 616 323	Sum gjeld	7 629 141	7 792 845	7 527 641
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
818 457	818 457	818 457	Sum innskote eigenkapital	818 457	818 457	818 457
132 867	77 762	132 867	Utjamningsfond	132 867	77 762	132 867
92 964	90 168	92 965	Grunnfondskapital	92 965	90 168	92 964
13 089	11 089	13 039	Gåvefond	13 039	11 089	13 089
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	115 906	85 469	104 960
-	-	-	Anna eigenkapital	-	-	-
238 920	179 019	238 870	Sum opptent eigenkapital	354 777	264 488	343 880
-	24 694	14 479	Resultat hittil	19 907	29 633	-
1 057 377	1 022 170	1 071 807	Sum eigenkapital	1 193 141	1 112 578	1 162 337
8 587 169	8 802 106	8 688 129	Sum gjeld og eigenkapital	8 822 282	8 905 423	8 689 978
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
668 063	660 212	670 344	Betinga forpliktingar	670 344	660 212	668 063

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	1. kv. 16	1. kv. 15	Året 15
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	72 067	87 614	76 899
- individuelle nedskrivning	13 834	17 657	13 842
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	58 233	69 957	63 057
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	1 372	465	1 309
- individuelle nedskrivning	886	504	377
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	487	-39	932
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR			
Endring gruppe nedskrivning	1 200	-	-
Endring individuell nedskrivning	-	-495	-4 543
Konstatert tap i perioden	-	1 033	8 734
Inngått på tidl.konst. tap	-64	-180	-889
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	1 136	358	3 302

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES

